



Arkivnr: 2015/4465-1

Saksbehandlar: Åshild Fossgard Sandøy

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.05.2015
Fylkesutvalet		19.05.2015

**Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i trafikkgrunnlaget****Samandrag**

I sak nr 275/12 «Nytt kollektivtilbod i Hardanger og Voss» vart det gjort følgjande vedtak:

«1. Fylkesutvalet sluttar seg til at nytt regionalt hovudlinjenett for buss som er omtalt i rapporten «Nytt kollektivtilbod i Hardanger og Voss» gir eit godt grunnlag for å utvikle eit framtidsretta tilbod for kollektivtrafikken i området.

2. Fylkesutvalet legg til grunn at det samla tilskotsnivået i området skal vere på omlag same nivå som i dag.

3. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle med operatør for å sikre ei disponering av ferjer og ressursar på sambanda Jondal – Tørvikbygd og Utne – Kvanndal – Kinsarvik som i størst mogleg grad sikrar samsvar mellom tilbod og etterspurnad. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei eiga sak om dette som og tar opp i seg utviklinga i trafikken på dei aktuelle sambanda.

4. Fylkesutvalet ber administrasjonen koma attende med framlegg til kollektivløysingar for vestsida av Sørfjorden og Fv 7 Granvin-Norheimsund.»

Opninga av Jondalstunellen og Hardangerbrua har gitt nye reisemoglegheiter og ført til nye reisemönster i Hardangerregionen. Dette har ført til endring i talet reisande på fleire ferjesamband i Hardanger. For sambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik har det endra reisemönsteret ført til at trafikkgrunnlaget har blitt meir enn halvert frå 2010 til i dag.

I fylkesutvalet sitt møte 26.mars 2015 vart Fylkesrådmannen bedt om følgjande av Astrid F. Selsvold på vegne av A:

«Fylkesutvalet ber om å få eit notat som gjeld status på ferjetilbodet Kvanndal – Utne -Kinsarvik til neste møte. Fylkesutvalet ber om at det vert god dialog med Ullensvang herad i saka»

Fylkesrådmannen har vært i dialog med Ullensvang herad, spesielt knytt til rutetilbod i sambandet Kinsarvik - Utne. Fylkesrådmannen har på bakgrunn av endring i trafikkmönster med påfølgjande redusert trafikkgrunnlag og dialog med Ullensvang herad gjennomført ei samla vurdering av sambandas trafikkgrunnlag, ferjemateriell og økonomi.

## Forslag til innstilling

1. Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
  - Kvanndal – Utne
  - Kinsarvik – Utne
2. Sambanda vil frå hausten 2015 få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag.

For sambandet Kvanndal-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod der opningstida er redusert i forhold til dagens tilbod, men frekvensen vert styrka i «rush»-perioden, jf. Saksframlegget alternativ 2.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Fylkesrådmannen, 30.04.2015

## Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i reisemønster

### 1. Sakas bakgrunn

I sak nr 275/12 «Nytt kollektivtilbod i Hardanger og Voss» vart det gjort følgjande vedtak:

«1. Fylkesutvalet sluttar seg til at nytt regionalt hovudlinjenett for buss som er omtalt i rapporten «Nytt kollektivtilbud i Hardanger og Voss» gir eit godt grunnlag for å utvikle eit framtidsretta tilbod for kollektivtrafikken i området.

2. Fylkesutvalet legg til grunn at det samla tilskotsnivået i området skal vere på omlag same nivå som i dag.

3. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle med operatør for å sikre ei disponering av ferjer og ressursar på sambanda Jondal – Tørvikbygd og Utne – Kvanndal – Kinsarvik som i størst mogleg grad sikrar samsvar mellom tilbod og etterspurnad. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei eiga sak om dette som og tar opp i seg utviklinga i trafikken på dei aktuelle sambanda.

4. Fylkesutvalet ber administrasjonen koma attende med framlegg til kollektivløysingar for vestsida av Sørfjorden og Fv 7 Granvin-Norheimsund.»

Vidare har fylkesutvalet i sitt møte 26.mars 2015 bedt Fylkesrådmannen om følgjande :

«Fylkesutvalet ber om å få eit notat som gjeld status på ferjetilbodet Kvanndal – Utne - Kinsarvik til neste møte. Fylkesutvalet ber om at det vert god dialog med Ullensvang herad i saka».

### Nedgang i trafikk på sambandet

Opninga av Jondalstunellen og Hardangerbrua har gitt nye reisemoglegheiter og ført til nye reisemønster i Hardangerregionen. Dette har ført til endring i talet reisande på fleire ferjesamband i Hardanger. For sambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik har det endra reisemønsteret ført til ein betydeleg reduksjon i trafikkgrunnlag. Som tabellane under viser, har trafikkgrunnlaget samla sett blitt meir enn halvert frå 2010 til i dag:

### Trafikktal for sambandet Kvanndal - Utne – Kinsarvik:

Driftsår	2010	2011	2012	2013	2014
Køyretøy	240427	222242	203374	158007	114722
PBE	419805	393525	365679	277800	201974
PBEÅDT	1150	1078	1002	761	553
PAX	539847	510678	467253	359819	256022

### Trafikktal for sambandet per strekning:

Trafikkgrunnlag (statistikk)	2013	2013	2013	2013	2014	2014	2014	2014
Samband	Køyretøy	PBE	PBEÅDT	Pax	Køyretøy	PBE	PBEÅDT	Pax
Kvanndal – Utne	132934	242415	664	276375	96159	175895	482	191870
Kinsarvik – Utne	13110	17205	47	37463	13032	17038	47	37497
Kinsarvik – Kvanndal*	11953	18170	50	45961	5109	8509	23	25804

Trafikktalet for trekantsambandet for perioden januar- mars 2015 viser ein nedgang på 2% for køyretøy, nedgang i PBE på 3,9%, mens talet passasjer har auka med 9,6%. Skyss og operatør er av den oppfatning at trafikkgrunnlaget for strekninga Kvanndal- Utne truleg vil leggje seg på 400 - 450 PBEÅDT per år. Som følgje av redusert trafikkgrunnlag for strekninga Kvanndal – Utne meiner fylkesrådmannen at denne strekninga kan driftast med ein ei-ferje-løysing, framfor to som det tidlegare har vore grunnlag for. Hardangerbrua har erstatta strekninga Kinsarvik – Kvanndal.

Som følgje av trafikknedgangen på dei to nemnde strekningane, og dermed behovet for noko reduksjon i ferjetilbodet, fører dette til at strekninga Kinsarvik – Utne kan definerast som eit eige samband og at rutetilboden derfor kan tilpassast trafikkgrunnlaget for strekninga.

### Ullensvang herad

Skyss har hatt dialog med Ullensvang herad der blant anna opningstid og tal avgangar for Kinsarvik - Utne og Utne - Kvanndal er blitt diskutert. Ullensvang Herad har uttala at det er viktig å oppretthalde trekantsambandet for næringslivet som er knytt til turisme, til dømes Mikkelparken. Sambandet Kinsarvik – Utne er svært viktig for heradet ettersom heradet er fordelt på begge sider av fjorden og dermed også arbeidsplassar, skoler, barnehagar og kulturtildel. Vidare er lag/organisasjonar felles innan heradet, samstundes med at heradssenteret med administrasjon og politisk leiing ligg på ei fjordside.

## **2. Ruteendring tilpassa dagens trafikkgrunnlag**

Som følgje av nedgangen i trafikkgrunnlaget er det trong for å gjere tilpassingar i rutetilboden for sambanda Kvanndal - Utne og Kinsarvik Utne. Endringane vert gjennomført frå og med 17. august 2015.

### **2.1 Endring knytt til sambandet Kvanndal – Utne**

Nytt rutetilbod for sambandet vil i hovudsak oppretthalde dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens (turane som ferje 2 i dag utfører «mellom» timesfrekvens vert fjerna). Slik frekvens og opningstid vert rekna som god samanlikna med andre samband med tilsvarende trafikkgrunnlag. Sjå vedlagt rutetabell.

Ruteproduksjonen for sambandet vil bli utført av ei ny ferje som er under bygging (M/F «Utne»). Den nye ferja forventast levert i løpet av hausten 2015. Ferja har salong oppe som gjer den svært turistvenleg, samt at den har moderne fasilitetar med gode løysingar knytt til universell utforming. Ferja har kapasitet til 40 pbe, 195 pax og kan laste inntil 4 vogntog á 52,5 tonn.

Ullensvang herad har stilt spørsmål om den nye ferja har naudsynt kapasitet for sambandet. Heradet er redd for at det ved nokre høve vil føre til attståande bilar. Skyss og operatør er derimot av den oppfatning at ferjas kapasitet vil vere tilstrekkeleg sett i lys av dagens trafikkgrunnlag.

### **2.2 Mogelege endringsalternativ for strekninga Kinsarvik - Utne**

På bakgrunn av behovet for å tilpasse rutetilboden til dagens trafikkgrunnlag for sambandet Kvanndal – Utne og Kinsarvik – Kvanndal, vert strekninga Kinsarvik – Utne definert som eit eige samband. Det viktigaste føremålet med sambandet bør vere å ivareta pendlarbehovet internt i heradet. Fylkesrådmannen ser fleire mogelege løysingar for sambandet som samsvarer med sambandets trafikkgrunnlag. Alle alternativa legg opp til ein rutetabell gjeldande for heile året (ikkje sommar- og vinterrute som i dag). Alle alternativa har eit styrka tilbod i «rushtid» og ei innlagd pause mellom kl. 10:25 og 13:25 for å sikre ei kostnadseffektiv mannskapsløysing i sambandet. Tal turar pr. veke og opningstid vert kommentert under og kjem fram i vedlagde rutetabellar.

I alle alternativa trafikkerer ferja M/F «Jondal» sambandet.

Alternativ 1:

Dagens rutetilbod: 129, 5 turar per veke

Nytt rutetilbod: 109 turar per veke

Opningstid vert redusert, men frekvensen vert styrka i «rush»-perioden. Dette alternativet vart lagt fram i politisk melding 2015/2972-1. Sjå vedlagt rutetabell.

Dette alternativet vil gje fylkeskommunen ei årleg samla innsparing på om lag 2,5 MNOK (2014-kroner).

Alternativ 2:

Dagens rutetilbod: 129, 5 turar per veke

Nytt rutetilbod: 117 turar per veke

Opningstid vert også her redusert i forhold til dagens tilbod, men frekvensen vert styrka i «rush»-perioden. Dette alternativet vil innebere ei utvida opningstid sett i høve alternativ 1, då måndag til fredag avgang kl. 1740 frå Kinsarvik og retur frå Utne kl. 1815 går alle dagar (ikkje berre måndag og onsdag slik alternativ 1 legg opp til). I tillegg vil avgang laurdagar kl. 1640 frå Kinsarvik og retur frå Utne kl. 1715 gå heile året (ikkje berre sommar). Sjå vedlagt rutetabell.

Dette alternativet vil gje fylkeskommunen ei årleg samla innsparing på om lag 1,7 MNOK (2014-kroner).

Alternativ 3:

Dagens rutetilbod: 129, 5 turar per veke

Nytt rutetilbod: 118 turar per veke

Dette alternativet er liknande alternativ 2, men måndag har utvida opningstid og sommarperioden er også utvida. Sjå vedlagt rutetabell.

Dette alternativet vil gje fylkeskommunen ei årleg samla innsparing på om lag 1,0 MNOK (2014-kroner)

Alternativ 4:

Dagens rutetilbod: 129, 5 turar per veke

Nytt rutetilbod: 128 turar per veke

Dette alternativet ligg tett opp til dagens rutetilbod, men har likevel noko redusert opningstid måndag og onsdag. Den noko reduserte opningstida gjev moglegheit for eit tilpassa og kostnadseffektivt bemanningsopplegg for sambandet. Frekvensen vert også i dette alternativet styrka i «rushtid». Sjå vedlagt rutetabell.

Dette alternativet vil gje fylkeskommunen ei årleg samla innsparing på om lag 0,7 MNOK (2014-kroner).

Jondal – Tørvikbygd

Dei siste åra har sambandet fått utvida både opningstid og frekvens, samt at ei større ferje er satt inn i sambandet. Dette vart gjennomført i samband med opninga av Jondalstunnelen..

## Skjersholmane - Ranavik

M/F Hardingen vil bli omplassert frå Kvanndal – Utne - Kinsarvik til Skjersholmane – Ranavik som ferje 1. Sambandet vil i tillegg få styrka reserveferjeløysingar ved å få redusert responstid frå «å akseptere 1 ferje i inntil 2 døgn» til «innan 12 timer» for både ferje 1 og ferje 2. Dette vurderast som positivt, sett i samanheng med sambandets overfartstid og frekvens.

### **3. Fylkesrådmannens tilråding**

Som følgje av redusert trafikkgrunnlag på strekninga Kvanndal – Utne og som følgje av at Hardangerbrua har avløyst strekninga Kinsarvik – Kvanndal, vil Fylkesrådmannen tilpasse ferjemateriellet og rutetilbodet til dagens trafikkgrunnlag.

Dagens operatør har under bygging ei ny ferje som vert vurdert som godt egna for sambandet Kvanndal – Utne. Innsetting av dette nybygget vil bidra til ei fornying av ferjeflåten i Hordaland. I tillegg vil sambandet Skjersholmane – Ranavik få tilgang på M/F «Hardingen» som er ei godt egna ferje i samband med lang overfartstid.

Fylkesrådmannen ser i tillegg at fylkeskommunen kan hente inn nokre av dei meirkostnadane som ein tidlegare har pådratt seg som følgje av ein auke i tilboden knytt til endringar i trafikkgrunnlaget i Hardanger (om lag kr 5,8 MNOK knytt til ferjekontrakt «Hardanger»). Dei fire alternative rutetilboda for Kinsarvik – Utne viser kva innsparing som er mogeleg.

Fylkesrådmannen la i politisk melding 2015/2972-1 fram ruteendring i samsvar med alternativ 1. Det tredje alternativet vart oversendt til Ullensvang herad den 14. april. Etter at dette vart oversendt har Fylkesrådmannen fått nærmere utgreia dei økonomiske effektane for kvart av dei fire alternative rutetilboda. Det syner seg at alternativ 3 vil medføre ei lite kostnadseffektiv skiftordning for operatør, noko som reflekterast i pris.

Fylkesrådmannen vil, etter ei samla vurdering, tilrå rutetilboden i alternativ 2 for sambandet Kinsarvik - Utne. Dette alternativet vil også imøtekomme nokre av Ullensvang herad sine ønskjer.

VEDLEGG:

Rutetabellar